



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Haram kyrkjelege fellestråd**

Årsundvegen 11  
6270 BRATTVÅG  
Tlf: 70209370  
Faks: 70209371

Brattvåg 30.10.2014

## **Møtebok Haram kyrkjelege fellestråd**

Møtedato: 29.10.2014  
Møtetid: kl. 15:15  
Møtested: Haram kyrkjekontor

### **Til stades:**

Peder Tomren, Peter Odd Bjørkhaug, Jørgen Kjærstad, Ida Krogsæter, Norunn Wuttudal.

### **Forfall:**

Frode Urke, Bjørn Sandnes.

### **Sak 013/14 Budsjet 2015**

#### *Vedtak:*

Samrøystes: Haram kyrkjelege fellestråd vedtek driftsbudsjettet for 2015 på ansvarsnivå, slik det er lagt fram av kyrkjeverja, med ei samla ramme på kr. 8 033 000,-, der kr. 1 423 000,- går til ansvar kyrkjeleg administrasjon, kr. 4 269 000,- til ansvar kyrkjer, kr. 1 663 000,- til ansvar gravstad og kr. 678 000,- til ansvar trusopløring. Fellestrådet vedtek òg budsjettkommentaren til kommunen, slik den er lagt fram.

### **Sak 014/14 Høyring om endringar i kyrkjeordninga**

#### *Vedtak:*

Peter Odd gjorde framlegg om to endringar og fellestrådet gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Haram kyrkjelege fellestråd vedtek høyringsuttalen til «Staten og Den norske kirke- et tydelig skille», slik den er lagt fram av kyrkjeverja, med følgjande endringar:
2. Følgjande avsnitt vert lagt til på slutten av Punkt 1:

På bakgrunn av dette vil fellestrådet tilrå at ein ventar med overføring av prestetenesta frå staten til kyrkja, til ein har funne ut av korleis den endelege arbeidsgjevarordninga i kyrkja skal vere. Først då vil det vere høve til å overføre prestetenesta til ein endeleg kyrkjeleg struktur. I dei komande åra vil det sannsynlegvis verte samanslåing av fellestråd i stor stil, i samsvar med kommunereforma. Det beste er å vente med overføring av prestetenesta til kyrkja til denne prosessen er avklart.

3. Følgjande setning i 2. avsnitt i Punkt 2 strykast:

Det har frå ulikt hald vore gjort framlegg om å avskaffe både bispedøme, prosti og fellestråd- ja, alt utanom soknet.

## **Sak 015/14 Utleige og bruk av kyrkjene**

*Vedtak:*

Samrøystes:

1. Haram kyrkjelege fellesråd vedtek at fellesrådet skal få overført 25% av leigeinntektene for 2014 frå sokneråda, i samsvar med tidlegare vedtak i sak 001/14.
2. Vidare vedtek fellesrådet at dette saksmaterialet med framlegg om nye utleigerutinar, reglement, og takstar vert sendt på høyring til sokneråda og dei tilsette, med sikte på innføring av nytt regelverk og nye rutinar frå våren 2015. Høyringsfrist er 31. desember 2014.
3. Fellesrådet bed sokneråda handsame delegering av avgjerdsmynde om utleige av kyrkjene til fellesrådet og eventuelt gjere vedtak om dette før nyttår.

## **Sak 016/14 Møtedatoar 2015**

*Vedtak:*

Samrøystes: Haram kyrkjelege fellesråd vedtek å ha møta sine på dei datoane som er lagt fram av kyrkjevevja.

## **Sak 017/14 Søknad frå Haram og Fjørtoft om forsøk med felles sokneråd**

*Vedtak:*

Samrøystes: Haram kyrkjelege fellesråd vedtek uttalen til søknaden frå Haram og Fjørtoft sokneråd om prøveordning med felles sokneråd slik den er lagt fram av kyrkjevevja.

For Haram kyrkjelege fellesråd 2011-2015



Jostein Garcia de Presno  
Kyrkjevevje